



Vang kommune

Hovudutval for utvikling

Møteprotokoll

Møtedato: 23.06.2026
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:00
Møtestad: Skutshorn

Frammøte

Lars Østbye Hemsing
Stine Solemsli
Vegard Eltun
Tom Kjetil Tørstad
Camilla Bjone Hålien
Jørgen Andrisson Kvam

Parti

AP
AP
AP
BIV
SP
SP

Forfall

Elisabeth Hålien

Parti

BIV

Varamedlem møtte

Kai Rune Hemsing

Parti

BIV

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
021/26	Godkjenning av møteprotokoll	
022/26	Behandling- Deling av driftseining - gnr. 101 bnr. 1 og gnr. 102 bnr. 1	
023/26	Klagebehandling - Konsesjon og fritak frå buplikt.	Ikkje offentleg
024/26	Gnr. 2 bnr. 2 - Søknad om konsesjon	Ikkje offentleg
025/26	Detaljregulering Synhaug-Vesleåne 2. gongs høyring og offentleg ettersyn	
026/26	Dispensasjon frå LNFR og avstand vassdrag for tomannsbustad	
027/26	Planendring Vang sentrum	
031/26	Bebyggelseplan for Raudalen H4 - Høyring og offentleg ettersyn	
032/26	Detaljregulering Eidsbugarden-Fondsbu - høyring og offentleg ettersyn	
033/26	Detaljregulering Fossebakken - høyring og offentleg ettersyn	
034/26	Detaljregulering Høgsten - høyring og offentleg ettersyn	
035/26	Detaljregulering Jevneshaugadn - høyring og offentleg ettersyn	
036/26	Detaljregulering Langebakke - Høyring og offentleg ettersyn	
037/26	Detaljregulering Mellvika - høyring og offentleg ettersyn	
038/26	Detaljregulering Raudalen alpintanlegg - høyring og offentleg ettersyn	
039/26	Detaljregulering Raudalen S2, S3 og S4 - Høyring og offentleg ettersyn	
040/26	Detaljregulering Syndislie - Høyring og offentleg ettersyn	
041/26	Alternativer for organisering av dagens hovudutval for utvikling	
028/26	Samlesak for referatsaker	
029/26	Samlesak for delegerte saker	
030/26	Spørjetime/dagsorden	

021/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 021/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

022/26 Behandling- Deling av driftseining - gnr. 101 bnr. 1 og gnr. 102 bnr. 1

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Framlegg til vedtak om deling, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Vang kommune gjev Kjell Leithe's dødsbo /v Lars Øverby og Oda Rogn Tveit Løyve til deling av driftseining for Berge(gbnr. 101/1) og Framstad(gbnr. 102/1).

Vedtaket er fatta med heimel i jordlova §12.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

Tillegg til vedtak, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang

Tillegg;

HUU delegerer myndigheit om avgjersle i konsesjonsbehandling tilhøyrande Gbr 101/1 og 102/1.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg til vedtak**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Framlegg til vedtak om deling**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 022/26 Vedtak:

Vang kommune gjev Kjell Leithe's dødsbo /v Lars Øverby og Oda Rogn Tveit Løyve til deling av driftseining for Berge(gbnr. 101/1) og Framstad(gbnr. 102/1).

Vedtaket er fatta med heimel i jordlova §12.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

Tillegg;

HUU delegerer myndigheit om avgjersle i konsesjonsbehandling tilhøyrande Gbr 101/1 og 102/1.

023/26 Klagebehandling - Konsesjon og fritak frå buplikt.

Framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i vurderingane i saksframlegget ovanfor finn ikkje hovudutval for utvikling grunn til å ta klaga til fylgje. Hovudutval for utvikling opprettheld sitt vedtak i sak HU- 017/26 og sender saka over til Statsforvaltaren i Innlandet (klageinstans) jf. forvaltningslova §33 fjerde ledd.

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 023/26 Vedtak:

Med bakgrunn i vurderingane i saksframlegget ovanfor finn ikkje hovudutval for utvikling grunn til å ta klaga til fylgje. Hovudutval for utvikling opprettheld sitt vedtak i sak HU- 017/26 og sender saka over til Statsforvaltaren i Innlandet (klageinstans) jf. forvaltningslova §33 fjerde ledd.

024/26 Gnr. 2 bnr. 2 - Søknad om konsesjon

Framlegg til vedtak:

Vang kommune gjev med medhald i konsesjonslova §§1 og 9, Hallgeir Opdal konsesjon på erverv av eigedomen Opdal gnr. 2 bnr. 2, 161 i Vang kommune på fylgjande vilkår:

1. Det vert sett varig upersonleg buplikt fram til ein eventuell ny overdraging av eigedomen.
Det vil sei at nokon må bu der, enten det er eigar sjølv eller at det blir langtidsutleigd.
2. Eigarene må ta del i dei pliktene som kviler på eigedomen. Driveplikta må oppfyllest i hht. Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23 dvs. at enten må eigaren driva den dyrka jorda sjølv eller leiga den bort.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 024/26 Vedtak:

Vang kommune gjev med medhald i konsesjonslova §§1 og 9, Hallgeir Opdal konsesjon på erverv av eigedomen Opdal gnr. 2 bnr. 2, 161 i Vang kommune på fylgjande vilkår:

1. Det vert sett varig upersonleg buplikt fram til ein eventuell ny overdraging av eigedomen.
Det vil sei at nokon må bu der, enten det er eigar sjølv eller at det blir langtidsutleigd.
2. Eigarene må ta del i dei pliktene som kviler på eigedomen. Driveplikta må oppfyllest i hht. Lov om jord av 12.mai 1995 nr. 23 dvs. at enten må eigaren driva den dyrka jorda sjølv eller leiga den bort.

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Klage må leverast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent.

025/26 Detaljregulering Synhaug-Vesleåne 2. gongs høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven §12-10 blir Detaljregulering for Synhaug-Vesleåne(planid: 2023003) lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Hovudutval for utvikling ber Statsforvaltaren i Innlandet med bakgrunn i endringane og tillegg som føreligg i planforslaget om å trekke motsegn sett fram i brev datert 11.07.2025.

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Endring av føresegner om lysmaster, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet
Sikre at føresegn om "Lysmaster skal være avslått når heisanlegg er stengt" ikkje er til hinder for at lys kan vere påslått for arbeid og rigging før og etter sjølvne åpningstidene til heisanlegget.

Endring av føresegner om tilrettelegging og terrengbearbeiding, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet

Før utelegging til offentleg ettersyn skal føresegner som regulerer "tilrettelegging og terrengbearbeiding" av skiløyper, turdrag og turstigar o.l. tilpassast slik at det ikkje kan gjennomførast i myr.

Tom Kjetil Tørstad ba om å få vurdert sin habilitet då han er medeigar av tomt gnr 7 bnr 321. Samrøystes vedteke at Tørstad er inhabil etter §6a i forvaltningsloven.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Endring av føresegner om lysmaster**

Lars Østbye Hemsing (AP)

For: 6 stemmer (100%) - AP 3, BIV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Endring av føresegner om tilrettelegging og terrengbearbeiding**

Lars Østbye Hemsing (AP)

For: 6 stemmer (100%) - AP 3, BIV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 3, BIV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 025/26 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven §12-10 blir Detaljregulering for Synhaug-Vesleåne(planid: 2023003) lagt ut til 2. gongs høyring og offentlig ettersyn. Hovudutval for utvikling ber Statsforvaltaren i Innlandet med bakgrunn i endringane og tillegg som føreligg i planforslaget om å trekke motsegn sett fram i brev datert 11.07.2025.

Tillegg

Før utelegging til offentlig ettersyn skal føresegner som regulerer “tilrettelegging og terrengbearbeiding” av skiløyper, turdrag og turstigar o.l. tilpassast slik at det ikkje kan gjennomførast i myr.

Sikre at føresegn om “Lysmaster skal være avslått når heisanlegg er stengt” ikkje er til hinder for at lys kan vere påslått for arbeid og rigging før og etter sjølve åpningstidene til heisanlegget.

026/26 Dispensasjon frå LNFR og avstand vassdrag for tomannsbustad

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Framlegg til vedtak om bruksendring av einebustad, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang Søkjar får dispensasjon til bruksendring av eksisterande einebustad til tomannsbustad, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fyrste ledd. Vilkår i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd er oppfylt.

Tillegg - avslag om bruksendring av uthus, fremja av Ingeborg Lunde, Søkjar får ikkje dispensasjon til bruksendring av uthus, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Kommunalsjef informerte om at det i vedtaket også bør stå eksplisitt avslag om bruksendring om uthus, det vart ikkje skreive inn i forslaga som låg i saka. Kommunalsjef la difor inn tilleggsforslag om avslag på dette.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg - avslag om bruksendring av uthus**

Ingeborg Lunde

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Framlegg til vedtak om bruksendring av einebustad**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 026/26 Vedtak:

Søkjar får dispensasjon til bruksendring av eksisterande einebustad til tomannsbustad, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fyrste ledd. Vilkår i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd er oppfylt.

Søkjar får ikkje dispensasjon til bruksendring av uthus, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

027/26 Planendring Vang sentrum

Framlegg til vedtak

Hovudutvalet for utvikling (HUU) støttar seg på vurderingane i saka og delegerer vedtak i saka til kommunedirektør etter at planendringa for områderegulering Vang sentrum (plan-ID 2017001-1) har blitt varsla om, jf. plan- og bygningslova § 12-14 andre og tredje ledd.

Kjem det merknader som gjev vesentlege endringar av forslag til planendring vil den måtte leggst fram i møte for HUU til vedtak.

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Tillegg til vedtak om formålsgrense og matjord, fremja av Jørgen Andrisson Kvam, Senterpartiet
HUU ynskjer at forslag til ny formålsgrense blir tilpassa betre terreng. HUU ynskjer at det blir lagt inn føresegn som sikrar at matjord blir nytta slik det står i kommuenplanen sin samfunnsdel.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg til vedtak om formålsgrense og matjord**

Jørgen Andrisson Kvam (SP)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 027/26 Vedtak:

Hovudutvalet for utvikling (HUU) støttar seg på vurderingane i saka og delegerer vedtak i saka til kommunedirektør etter at planendringa for områderegulering Vang sentrum (plan-ID 2017001-1) har blitt varsla om, jf. plan- og bygningslova § 12-14 andre og tredje ledd.

Kjem det merknader som gjev vesentlege endringar av forslag til planendring vil den måtte leggst fram i møte for HUU til vedtak.

HUU ynskjer at forslag til ny formålsgrense blir tilpassa betre terreng. HUU ynskjer at det blir lagt inn føresegn som sikrar at matjord blir nytta slik det står i kommuneplanen sin samfunnsdel.

031/26 Bebyggelseplan for Raudalen H4 - Høyring og offentlig ettersyn

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint framlegg til vedtak, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang

Hovudutval for utvikling legg bebyggelsesplan Raudalen H4(planid: 0545B002) ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustader skal vurderast regulert til LNFR-spreidt fritidsbustad i overordna plan.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Omforeint framlegg til vedtak Ap, Sp, BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 031/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg bebyggelsesplan Raudalen H4(planid: 0545B002) ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustader skal vurderast regulert til LNFR-spreidt fritidsbustad i overordna plan.

032/26 Detaljregulering Eidsbugarden-Fondsbu - høyring og offentlig ettersyn

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag frå Ap, Sp og BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang

Hovudutval for utvikling legg «Detaljregulering R5 Eidsbugarden – Fondsbu(planid: 0545R005)» ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap. Eksisterande infrastruktur, hotell, turisthytte, parkeringsplassar og hytter innanfor planområdet vurderast regulert i kommuneplanens arealdel

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Omforeint forslag frå Ap, Sp og BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 032/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg «Detaljregulering R5 Eidsbugarden – Fondsbu(planid: 0545R005)» ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap. Eksisterande infrastruktur, hotell, turisthytte, parkeringsplassar og hytter innanfor planområdet vurderast regulert i kommuneplanens arealdel.

033/26 Detaljregulering Fossebakken - høyring og offentlig ettersyn

Framlegg til vedtak

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp, BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg «Detaljregulering Fossebakken(planid: 0545R062)» ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustadar skal vurderast regulert til «LNFR-spreidt fritidsbustad» i overordna plan.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp, BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 033/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg «Detaljregulering Fossebakken(planid: 0545R062)» ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustadar skal vurderast regulert til «LNFR-spreidt fritidsbustad» i overordna plan.

034/26 Detaljregulering Høgsten - høyring og offentlig ettersyn

Framlegg til vedtak

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp, BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Høgsten(planid: 0545R059) ut til høyring og offentlig ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustader skal vurderast regulert til "LNFR-spreidt fritidsbustad" i overordna plan.

Vegard Eltun ba om å få vurdert sin habilitet då bestefar hans er grunneigar innanfor planområdet. Det vart vurdert at han er automatisk inhabil etter forvaltningslova §6.

Tom Kjetil Tørstad spurte om å få vurdert sin habilitet då far hans eig gnr/bnr 105/3 som er naboeigedom til planområdet i aust. Samrøystes vedteke at Tørstad er habil etter forvaltningslova §6.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp, BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 6 stemmer (100%) - AP 2, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 034/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Høgsten(planid: 0545R059) ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustader skal vurderast regulert til "LNFR-spreidt fritidsbustad" i overordna plan.

035/26 Detaljregulering Jevneshaugadn - høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp, BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Jevneshaugadn hyttegrennd(planid: 0545R034) ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustadar skal vurderast regulert til «LNFR-spreidt fritidsbustad» i overordna plan.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp, BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BiV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BiV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 035/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Jevneshaugadn hyttegrennd(planid: 0545R034) ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustadar skal vurderast regulert til «LNFR-spreidt fritidsbustad» i overordna plan.

036/26 Detaljregulering Langebakke - Høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp og BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Langebakke(planid: 0545R41) ut til høyring offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap. Området skal vurderast i samanheng med areala i kommunedelplan Grindaffjell i kommunen sitt arbeid med kommuneplanens arealdel.

Stine Solemsli ba om å få vurdert sin habilitet då svogeren hennar er grunneigar innanfor planområdet. Det vart vurdert at ho er automatisk inhabil etter forvaltningslova §6.

Votering nr 1 - Voting over forslag
Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp og BiV**
Tom Kjetil Tørstad (BIV)
For: 6 stemmer (100%) - AP 2, BIV 2, SP 2
Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 036/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Langebakke(planid: 0545R41) ut til høyring offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap. Området skal vurderast i samanheng med areala i kommunedelfplan Grindafjell i kommunen sitt arbeid med kommuneplanens arealdel.

037/26 Detaljregulering Mellvika - høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp, BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg «Detaljregulering Mellvika(planid: 0545R014)» ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel.

Votering nr 1 - Voting over forslag
Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp, BiV**
Tom Kjetil Tørstad (BIV)
For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2
Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 037/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg «Detaljregulering Mellvika(planid: 0545R014)» ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel.

038/26 Detaljregulering Raudalen alpintanlegg - høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp, BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Raudalen alpintanlegg(planid: 0545R017) ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustader skal vurderast regulert til LNFR-spreidt fritidsbustad i overordna plan.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp, BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 038/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Raudalen alpintanlegg(planid: 0545R017) ut til høyring og offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande fritidsbustader skal vurderast regulert til LNFR-spreidt fritidsbustad i overordna plan.

039/26 Detaljregulering Raudalen S2, S3 og S4 - Høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp og b, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Raudalen S2, S3 og S4(planid: 0545R47) ut til høyring offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande arealbruk vil bli vurdert regulert direkte i overordna plan.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp og b**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 3, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 039/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Raudalen S2, S3 og S4(planid: 0545R47) ut til høyring offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel. Eksisterande arealbruk vil bli vurdert regulert direkte i overordna plan.

040/26 Detaljregulering Syndislie - Høyring og offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Omforeint forslag Ap, Sp, BiV, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Syndislie(planid: 0545R50) ut til høyring offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel.

Stine Solemsli ba om at habilitet blir vurdert sidan svoger har aksjer i Grindafjell AS. Det vart vurdert at ho er automatisk inhabil etter forvaltningslova §6.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Omforeint forslag Ap, Sp, BiV**

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

For: 6 stemmer (100%) - AP 2, BIV 2, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

HU - 040/26 Vedtak:

Hovudutval for utvikling legg Detaljregulering Syndislie(planid: 0545R50) ut til høyring offentleg ettersyn med forslag om at planen blir oppheva i si heilskap og at området blir avsett til LNFR i kommuneplanens arealdel.

041/26 Alternativer for organisering av dagens hovudutval for utvikling

Framlegg til vedtak:

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Forslag om å vidareføre HUU, fremja av Tom Kjetil Tørstad, Bygdelista i Vang
Kommunestyret vedtek å vidareføre hovudutval for utvikling som eige politisk utval.
Kommunestyret legg til grunn at det vert gjort justeringar i arbeidsform og saksgang for å styrkje utvalet si rolle, herunder:

- tydelegare avklaring av kva saker som skal avgjerast i HUU og kva som skal løftast til kommunestyret
- at politiske standpunkt i større grad vert avklarte i partigruppene før behandling i HUU

Alternativ 2 – avvikle HUU, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet

HUU anbefaler å avvikle hovudutval for utvikling. Kommunestyret legg til grunn at saker i hovudutvalet sitt ansvarsområde vert fordelte slik:

- at strategiske og prinsipielle saker vert behandla direkte i kommunestyret evt. at noko blir delegert til formannskapet
- at formannskapet tek over den delegert myndigheita innan arealplanarbeid som HUU har i dag
- at saker knytt til økonomi og overordna styring framleis blir førebudd i formannskapet før endeleg vedtak i kommunestyret
- at forvaltningssaker og saker der det politiske handlingsrommet er avgrensa i større grad blir delegert til administrasjonen.

HUU anbefaler kommunestyret å be kommunedirektøren legge fram ei sak med revidering av delegeringsreglementet som følgje av ny organisering.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag om å vidareføre HUU: 5 stemmer (71%) - AP 1, BIV 2, SP 2

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Alternativ 2 – avvikle HUU: 2 stemmer (29%) - AP 2

Lars Østbye Hemsing (AP)

Stemmer:

Lars Østbye Hemsing (AP)

Stine Solemsli (AP)

Saksordfører i kommunestyret: Tom Kjetil Tørstad

HU - 041/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å vidareføre hovudutval for utvikling som eige politisk utval.

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjort justeringar i arbeidsform og saksgang for å styrkje utvalet si rolle, herunder:

- tydelegare avklaring av kva saker som skal avgjerast i HUU og kva som skal løftast til kommunestyret
- at politiske standpunkt i større grad vert avklarte i partigruppene før behandling i HUU

028/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Samrøystes.

HU - 028/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering

029/26 Samlesak for delegerte saker

Delegerte saker blir tatt til orientering

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Samrøystes.

HU - 029/26 Vedtak:

Delegerte saker blir tatt til orientering

030/26 Spørjetime/dagsorden

23.06.2026 Hovudutval for utvikling

Behandling

Vegard Eltun (Ap):

- Spørsmål om branntomta.
 - Denne saka blir fulgt opp.

Tom Kjetil Tørstad (BiV):

- Fått innspel frå Tyn filefjell turløyper, dei er ikkje er fornøgd med korleis hensynet til skiløyper er sikra i planforslaget til Synhaug - vesleåne.
- Virtuelle gjerde - Kan skape nye utfordringar med at grunneigarar kan sette beiteområde og avgrensingar tett på hytteområder. Kanskje bør ein sjå på nytt kor mykje ein kan gjerde rundt hyttene. Virtuelle gjerde kan også vere ei kvilepute for å ikkje vedlikehalde eksisterande gjerde, blir utfordrande for dei som ikkje har det.